

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

**Arkivsak:** 04/00584-010906/04

Saksbeh.: Per Steinar Nedkvitne

Arkivkode: PLAN soneinndeling

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0096/04	Formannskap/ plan og økonomi	10.06.2004

## SAMLA SAK - REGULERINGSPLAN FOR JØRGSTYKKET - ENDRING

### Innstilling:

#### Administrasjonen si innstilling:

1. I medhald av Plan og bygningslova § 28-1, pkt 2 vedtek Formannskap /plan og økonomi (FPL) endring av reguleringsplan for JØRGSTYKKET, slik det er søkt om i skriv motteke 26.05.04, signert Bodil Hordvik og Cornelius Punt.  
Plankartet og føresegnene vert retta opp i samsvar med dette.
2. Endringa vert å sjå på som mindre vesentleg.

### Formannskap/ plan og økonomi den 10.06.2004 sak 0096/04

#### Behandling i møte:

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak:

1. I medhald av Plan og bygningslova § 28-1, pkt 2 vedtek Formannskap /plan og økonomi (FPL) endring av reguleringsplan for JØRGSTYKKET, slik det er søkt om i skriv motteke 26.05.04, signert Bodil Hordvik og Cornelius Punt.  
Plankartet og føresegnene vert retta opp i samsvar med dette.
2. Endringa vert å sjå på som mindre vesentleg.

### Administrasjonen si utgreiing:

#### 2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med \* ligg ved.

- \* 27.04.04 frå Grunneigarar
- \* 06.05.04 frå Tekniske tenester til Cornelius Punt
- \* 06.05.04 Gebyr
- \* 26.05.04 frå Bodil Hordvik og Cornelius Punt
- \* Situasjonkart, uttaksdato 13.05.04
- \* Utsnitt av reguleringsplan for Jørgstykket, sist rev. 15..06.81 sign. Ola Folkestad

#### 3. SAMANDRAG AV SAKA:

Frå grunneigarar har ein motteke søknad om endring av reguleringsplanen for Jørgstykket ved Lundarosen. Det vert søkt om å fjerna ein innregulert veg til eigedomane. Endringa kan behandlast som mindre vesentleg og administrasjonen tilrår godkjenning.

#### 4. FAKTA OM SAKA:

Reguleringsplanen for Jørgstykket vart vedteken i Voss kommunestyre den 04.03.82, sak 16/82.

Området ligg på vestsida av Lundarvatnet ved Lundarosen og er for det meste regulert til bustad- og landbruksføremål.

I reguleringsplanen er det mellom anna regulert inn ein felles avkøyrslé / tilkomstveg til fleire eigedomar. Vegen er ikkje opparbeidd.

Ved brev motteke 27.04.04 og 26.05.04 er det søkt om at denne regulerte vegen vert fjerna teke bort i reguleringsplanen.

Alle aktuelle eigarar i området har underteikna søknaden.

#### 5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Den regulerte vegen skulle skulle vera tilkomst til fleire eigedomar i området, men det er oppretta tilkomst på annan måte slik at det ikkje er behov for den regulerte vegen. Vegen er regulert med 5 meter breidd og har byggegrense på 5. meter. Ved å fjerna denne tilkomstvegen vil grunneigarane få utnytta eigedomane sine betre.

Alle grunneigarar som ville grensa inn mot denne vegen er samde at den kan fjernast frå planen. Det er ikkje andre partar som denne reguleringsendringa vil omfatta/ berøra.

#### Konklusjon:

Administrasjonen tilrår at FPL godkjenner at planen vert endra i samsvar med søknaden og at endringa er å sjå på som mindre vesentleg.